



Direktoratet for
samfunnstryggleik
og beredskap

TEMA

VEIVISAR TIL TEMARETTLEIINGANE

(forskrift om handtering av farleg stoff)

Utgjeve av: Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap (DSB) 2012

ISBN: 978-82-7768-293-8

Grafisk produksjon: Erik Tanche Nilssen AS, Skien

VEIVISAR TIL TEMARETTLEIINGANE

(forskrift om handtering av farleg stoff)

INNHALD

INNLEIING	4
OPPBYGGING AV DEN ENKELTE TEMARETTLEIINGA.....	5
OVERSIKT OVER TEMARETTLEIINGANE.....	6
BAKGRUNN.....	6
Oversikt	6
TEMARETTLEIING OM TILVERKING OG BEHANDLING AV FARLEG STOFF	
VERKEOMRÅDE FOR KAP. 1 – PROSESSANLEGG	7
TILVISING TIL ANDRE TEMARETTLEIINGAR	7
VERKEOMRÅDE FOR KAP. 2 – BIOGASSANLEGG	8
TILVISING TIL ANDRE TEMARETTLEIINGAR	8
TEMARETTLEIING OM OPPBEVARING AV FARLEG STOFF	
VERKEOMRÅDE FOR KAP. 1 – TANKANLEGG – ATMOSFÆRISKE TANKAR.....	9
TILVISING TIL ANDRE TEMARETTLEIINGAR	9
VERKEOMRÅDE FOR KAP. 2 – TANKANLEGG – LPG OG LNG.....	10
TILVISING TIL ANDRE TEMARETTLEIINGAR	10
VERKEOMRÅDE FOR KAP. 3 – OPPBEVARING AV BRANNFARLEG STOFF I TRANSPORT- OG BRUKAREMBALLASJE (STYKKGODS).....	11
TILVISING TIL ANDRE TEMARETTLEIINGAR	11
VERKEOMRÅDE FOR KAP. 4 – TANKANLEGG – KLOR, SVOVELDIOKSID OG AMMONIAKK	12
TILVISING TIL ANDRE TEMARETTLEIINGAR	12
TEMARETTLEIING OM OMTAPPING AV FARLEG STOFF	
VERKEOMRÅDE FOR KAP. 1 – DRIVSTOFFANLEGG	13
TILVISING TIL ANDRE TEMARETTLEIINGAR	13
VERKEOMRÅDE FOR KAP. 2 – FYLLEANLEGG FOR PROPANFLASKER	14
TILVISING TIL ANDRE TEMARETTLEIINGAR	14
TEMARETTLEIING OM TRANSPORT OG DISTRIBUSJON AV PETROLEUM I RØYRLEDNING OVER LAND	
VERKEOMRÅDE.....	15
TILVISING TIL ANDRE TEMARETTLEIINGAR	15
TEMARETTLEIING OM BRUK AV FARLEG STOFF – DEL 1	
VERKEOMRÅDE.....	16
TILVISING TIL ANDRE TEMARETTLEIINGAR	16
TEMARETTLEIING OM BRUK AV FARLEG STOFF – DEL 2	
VERKEOMRÅDE FOR KAP. 1 – KULDE- OG VARMEPUMPEANLEGG.....	17
TILVISING TIL ANDRE TEMARETTLEIINGAR	17
VERKEOMRÅDE FOR KAP. 2 – KJELANLEGG FOR DAMP- OG VARMTVASSYSTEM	18
TILVISING TIL ANDRE TEMARETTLEIINGAR	18
VERKEOMRÅDE FOR KAP. 3 – TRYKKLUFTANLEGG.....	19
TILVISING TIL ANDRE TEMARETTLEIINGAR	19
VERKEOMRÅDE FOR KAP. 4 – DIVERSE FORBRUKSANLEGG.....	20
TILVISING TIL ANDRE TEMARETTLEIINGAR	20
TEMARETTLEIING OM INNHENTING AV SAMTYKKE	
VERKEOMRÅDE.....	21

INNLEIING

Temarettleiingane er utarbeidde av Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap (DSB). Noko av innhaldet er utarbeidd i samarbeid med andre faginstansar og bransjen. Det har vore gjennomført ei avgrensa høyring.

Temarettleiingane utdjuvar og forklarar forskrift om håndtering av brannfarlig, reaksjonsfarlig og trykksatt stoff samt utstyr og anlegg som benyttes ved håndteringen (forskrift om handtering av farleg stoff).

Føremålet med temarettleiingane er først og fremst å føreslå tekniske løysingar, og å gje tilvisingar på korleis forskrift om handtering av farleg stoff kan tilfredsstillast når det gjeld krav til prosjektering, konstruksjon, produksjon, omsetning, installasjon, drift, endring, reparasjon, vedlikehald og kontroll av anlegg og utstyr som er dekte av forskrifta. Ei sikker utføring av slike anlegg er avgjerande for å verne liv, helse, miljø og materielle verdiar mot uhell og ulukker, både i samband med nyinstallasjon, drift, endringar, reparasjonar og vedlikehald.

Temarettleiingane må brukast saman med forskrifta og tilhøyrande rettleiing.

Løysingar som vik frå ei temarettleiing vil kunne brukast, føresett at den avvikande løysinga varetek tryggingsmålsetnaden i lov og forskrift. Der temarettleiingane bruker omgrepa «må» eller «skal» vurderer ein den føreslegne løysinga å vere den som fullt ut oppfyller krava i forskrifta. Val av anna løysing skal i slike tilfelle grunngjevast og dokumenterast. Der temarettleiingane bruker omgrepa «bør» eller «kan» er den føreslegne løysinga rekna for å vere éin av fleire måtar å oppfylle krava i forskrifta. Val av anna løysing treng i slike tilfelle ikkje å grunngjevast.

Temarettleiingane blir lagde til grunn ved bygging av nye anlegg, og ved ombygging og større reparasjonar på eksisterande anlegg. Tryggingnivået til eksisterande anlegg bør elles oppgraderast til same nivå som for nye anlegg, så langt dette kan gjennomførast innanfor ei praktisk og økonomisk forsvarleg ramme. Oppgraderinga kan skje ved tekniske tiltak, andre risikoreducerande tiltak eller ved ein kombinasjon av slike.

Temarettleiingane tilrår enkelte stader bruk av namngjevne standardar og normer for å oppfylle forskriftskrav. Vel ein andre løysingar, må desse vere tilsvarande eller betre og vere dokumenterte.

Krav til handtering av farleg stoff, eller krav til utstyr og anlegg som blir brukt ved handteringa, kan ikkje stillast med heimel i eller berre med tilvising til temarettleiing, men må heimlast direkte i lov eller forskrift. Dei løysingane som er skildra i temarettleiingane, gjev eit akseptabelt resultat i forhold til regelverket, og bruk av løysingane vil derfor forenkle dokumentasjonen.

For anlegg som er søknadspliktige etter plan- og bygningslova, og der det er krav om igangsetjingsløyve frå kommunen og ferdigattest før anlegget kan takast i bruk, er det fremst i temarettleiingane gjeve informasjon om desse forholda.

Elles viser vi til DSB si heimeside www.dsb.no med oversikt over regelverk og publikasjonar.

OPPBYGGING AV DEN ENKELTE TEMARETTLEIINGA

I temarettleiingane er det gjeve rettleiing til den enkelte paragrafen i forskrift om handtering av farleg stoff.

Hovudinndelinga i rettleiinga stemmer derfor overeins med paragrafnummer i forskrifta. Paragrafnummer er dessutan oppgjevne i parentes. Det er ikkje gjeve utfyllande kommentarar til §§ 21–27 i forskrifta.

Éi temarettleiing kan dekkje fleire anleggstypar. Temarettleiinga vil då vere delt inn i hovudkapittel, eitt hovudkapittel for kvar anleggstype. Det blir deretter rettleidd mot forskrifta, § til §, under det enkelte hovudkapitlet.

For enkelte hovudkapittel er det likevel ikkje funne føremålstenleg å rettleie § til § mot forskrifta, blant anna for å få ei betre fagleg oversikt over temaet.

For å avgrense talet på sider i ei temarettleiing som dekkjer fleire anleggstypar, er det somme stader berre vist til eit anna hovudkapittel i same temarettleiing for fullstendig tekst. Dette er likevel ikkje gjennomført alle stader der det er samanfallande tekst, då det blir sett som viktig at ein i stor grad får ein heilskap ved å lese rettleiingsteksten for den enkelte anleggstypen sett i forhold til dei viktigaste paragrafane i forskrifta.

For å avgrense talet på sider i ei temarettleiing er det somme stader vist til til anna/andre temarettleiing(ar). Dette er forsøkt avgrensa til dei tilfella der ei anna temarettleiing har omfattande/utdjupande omtale av eit tema.

Detaljeringsnivået i temarettleiingane er eit medvite val frå DSB si side. Det er mange aktørar og brukarar av desse temarettleiingane, frå dei som skal prosjektere, installere, drifte og vedlikehalde anlegg, og fram til dei som skal kontrollere eller føre tilsyn. Bygnings-/objekteigarar er også ei viktig brukargruppe. Majoriteten av tilbakemeldingane er at detaljeringsnivået i temarettleiingane er tilfredsstillande. Nokre aktørar meiner likevel det er for detaljert, medan andre ber om meir detaljerte temarettleiingar.

Definisjonar som er felles for fleire hovudkapittel i ei temarettleiing kjem fram fremst i temarettleiinga.

Tabellar er i stor grad lagde inn saman med teksten.

Diagram, teikningar, skisser, skilt og sjekklister kjem fram som vedlegg bak i temarettleiingane.

OVERSIKT OVER TEMARETTLEIINGANE

BAKGRUNN

Verkeområdet til forskrift om handtering av farleg stoff femner vidt. Det vart avgjort at det skulle utarbeidast temarettleiingar for store delar av verkeområdet for forskrifta, bl.a. for å vise til preaksepterte løysingar for sikker utføring av anlegg og utstyr.

Det vart teke utgangspunkt i forskriftsdefinisjonen av omgrepet «handtering», og i store trekk gjort ei oppdeling av temarettleiingane i samsvar med dette. § 4 i forskrifta definerer handtering til å vere ein kvar omgang med farleg stoff, det vil seie frå tilverking til bruk. Dette resulterte i desse temaa:

- **Tilverking og behandling**
- **Oppbevaring**
- **Omtapping**
- **Transport**
- **Bruk**

I tillegg valde ein å omtale temaet:

- **Samtykke**

OVERSIKT

Med bakgrunn i det over, er desse temarettleiingane utarbeidde:

- **Temarettleiing om tilverking og behandling av farleg stoff**
- **Temarettleiing om oppbevaring av farleg stoff**
- **Temarettleiing om omtapping av farleg stoff**
- **Temarettleiing om transport og distribusjon av petroleum i røyrleidning over land**
- **Temarettleiing om bruk av farleg stoff – Del 1**
- **Temarettleiing om bruk av farleg stoff – Del 2**
- **Temarettleiing om innhenting av samtykke**

TEMARETTLEIING OM TILVERKING OG BEHANDLING AV FARLEG STOFF

Denne temarettleiinga omfattar desse anleggstypane:

- **Kap. 1 – Prosessanlegg**
- **Kap. 2 – Biogassanlegg**

VERKEOMRÅDE FOR KAP. 1 – PROSESSANLEGG

Omfattar i hovudsak verksemder med prosessmessig handtering av brannfarleg stoff, det vere seg som hovudprodukt eller biprodukt.

Reglane i rettleiinga kan brukast så langt dei høver i samband med prosessmessig handtering av andre farlege stoff som forskrifta regulerer.

Reglane i rettleiinga kan også brukast så langt dei høver for verksemder som bruker brannfarleg stoff til produksjon av elektrisk kraft.

Prosessanlegg består ofte av fleire typar anleggseiningar. Døme på anleggseiningar er:

- Forbruksanlegg, fylleanlegg for gass, drivstoffanlegg, tankanlegg, kjelanlegg, kulde- og varmepumpeanlegg, biogassanlegg, lager og transportrørleidning.

TILVISING TIL ANDRE TEMARETTLEIINGAR

På område der ei anna temarettleiing har omfattande/utdjupande skildring av eit tema, er det berre gjort tilvisingar i staden for å gje att heile teksten.

Det er gjort tilvising til:	Tema
Temarettleiing om oppbevaring av farleg stoff	<ul style="list-style-type: none">• Tankanlegg – atmosfæriske tankar• Tankanlegg – LPG og LNG• Tankanlegg – klor, svoveldioksid og ammoniakk• Oppbevaring av brannfarleg stoff som stykkgoods
Temarettleiing om bruk av farleg stoff – Del 1	Der brannfarleg stoff skal brukast til forbruk (til dømes forbrenning) inne på prosessanlegget
Temarettleiing om bruk av farleg stoff – Del 2	Kjelanlegg for damp- og varmtvassystem
Temarettleiing om innhenting av samtykke	Ved krav om samtykke frå DSB og eventuelt konsekvensutgreiing

VERKEOMRÅDE FOR KAP. 2 – BIOGASSANLEGG

Omfattar komplette stasjonære anlegg for utvinning og behandling av biogass.

Føremålet med slike anlegg kan vere:

- Avbrenning av biogass
- Distribusjon av biogass (via rørleidning, flaskebatteri, tank, innmating på eksisterande naturgassnett mv.)
- Produksjon av straum (motorar / turbinar / brenselceller)
- Produksjon av varme ved forbrenning av biogassen i kjel (oppvarming av bygningar, fjernvarme og liknande)
- Levering av biogass til køyretøy (autogasstasjonar)

TILVISING TIL ANDRE TEMARETTLEIINGAR

På område der ei anna temarettleiing har omfattande/utdjupande omtale av eit tema, er det berre gjort tilvisingar i staden for å gje att heile teksten.

Det er gjort tilvising til:	Tema
Temarettleiing om oppbevaring av farleg stoff	Oppbevaring av brannfarleg stoff som stykkgoods
Temarettleiing om omtapping av farleg stoff	Krav til autogasstasjonar
Temarettleiing om transport og distribusjon av petroleum i rørleidning over land	Transport av biogass i rørleidning
Temarettleiing om bruk av farleg stoff – Del 1	<ul style="list-style-type: none">• Der biogassen skal brukast til forbruksanlegg (til dømes til oppvarming) inne på området eller eksternt• Krav til kompetanse (anleggstype 1 og 2) i samband med prosjektering, installasjon, drift, vedlikehald og kontroll
Temarettleiing om innhenting av samtykke	Ved krav om samtykke frå DSB og eventuelt konsekvensutgreiing

TEMARETTLEIING OM OPPBEVARING AV FARLEG STOFF

Denne temarettleiinga omfattar desse anleggstypane:

- **Kap. 1 – Tankanlegg – atmosfæriske tankar**
- **Kap. 2 – Tankanlegg – LPG og LNG**
- **Kap. 3 – Oppbevaring av brannfarleg stoff i transport- og brukaremballasje (stykkgoods)**
- **Kap. 4 – Tankanlegg – klor, svoveldioksid og ammoniakk**

VERKEOMRÅDE FOR KAP. 1 – TANKANLEGG – ATMOSFÆRISKE TANKAR

Omfattar stasjonære tankanlegg med atmosfæriske tankar i samband med industriverksemd, i industri- og næringsparkar og i kystdepot, og som blir brukte for oppbevaring av flytande brannfarleg stoff.

Omfattar oppbevaring over grunn eller i fjell.

LNG-tankar med atmosfæretrykk er omtalt i kap. 2 i temarettleiinga.

Omfattar også overføringssystem med tilhøyrande røyrleidningar for mottak og levering av dei brannfarlege stoffa.

TILVISING TIL ANDRE TEMARETTLEIINGAR

På område der ei anna temarettleiing har omfattande/utdjupande omtale av eit tema, er det berre gjort tilvisingar i staden for å gje att heile teksten.

Det er gjort tilvising til:	Tema
Temarettleiing om omtapping av farleg stoff	Krav til drivstoffanlegg
Temarettleiing om transport og distribusjon av petroleum i røyrleidning over land	Synleggjering av røyrleidningstrasé i terrenget (markørar/skilting)
Temaveiledning om innhenting av samtykke	Ved krav om samtykke frå DSB og eventuelt konsekvensutgreiing

VERKEOMRÅDE FOR KAP. 2 – TANKANLEGG – LPG OG LNG

Omfattar stasjonære tankanlegg med trykkbeholdarar for LPG eller LNG, sett i forhold til:

- Produksjons- og/eller distribusjonsanlegg (gasterminalar), der mottak og distribusjon av gassen blir utført med tankbåt, tankkøyretøy, jernbanetankvogn eller gjennom røyrleidning.
- Industrianlegg der verksemda bruker noko av gassen til eige føremål, medan resten blir levert til andre forbruksstader med tankbåt, tankkøyretøy eller gjennom eit røyrleidningssystem.

Omfattar også:

- Nedkjølte, trykkklause LNG-tankar (atmosfæretrykk).
- Overføringssystem med tilhøyrande røyrleidningar for mottak og distribusjon av gass.

Rettleinga kan elles brukast for tankanlegg med CNG, så langt ho høver.

TILVISING TIL ANDRE TEMARETTLEIINGAR

På område der ei anna temarettleiing har omfattande/utdjupande omtale av eit tema, er det berre gjort tilvisingar i staden for å gje att heile teksten.

Det er gjort tilvising til:	Tema
Temarettleiing om omtapping av farleg stoff	Krav til drivstoffanlegg
Temarettleiing om transport og distribusjon av petroleum i røyrleidning over land	Røyrleidningar (supplering)
Temarettleiing om innhenting av samtykke	Ved krav om samtykke frå DSB og eventuelt konsekvensutgreiing

VERKEOMRÅDE FOR KAP. 3 – OPPBEVARING AV BRANNFARLEG STOFF I TRANSPORT- OG BRUKAREMBALLASJE (STYKKGODS)

Omfattar oppbevaring av brannfarleg stoff i transport- og brukaremballasje (stykkgoods) i samband med industriverksemnd, engroshandel og detaljhandel. Omfattar oppbevaring både i friluft og i bygning. Brannfarleg stoff i denne samanhengen vil i hovudsak vere brannfarlege væsker, brannfarlege gassar og brannfarlege aerosolar.

Reglane kan også brukast for andre farlege stoff så langt det høver, og i samband med generell stykkgodslagring.

TILVISING TIL ANDRE TEMARETTLEIINGAR

På område der ei anna temarettleiing har omfattande/utdjupande omtale av eit tema, er det berre gjort tilvisingar i staden for å gje att heile teksten.

Det er gjort tilvising til:	Tema
Temarettleiing om bruk av farleg stoff – Del 1	<ul style="list-style-type: none">• Oppbevaring eller forbod mot oppbevaring av brannfarleg stoff i bueining, garasje, bod, båthus, serveringsstad, overnattingsstad og forsamlingslokale• Tryggingssavstandar rundt utandørs gasslager
Temarettleiing om innhenting av samtykke	Ved krav om samtykke frå DSB og eventuelt konsekvensutgreiing

VERKEOMRÅDE FOR KAP. 4 – TANKANLEGG – KLOR, SVOVELDIOKSID OG AMMONIAKK

Omhandlar tankanlegg/behaldarar for klor, svoveldioksid og ammoniakk, som det ikkje har vore naturleg å omtale andre stader i temarettleiinga.

Reglar for tankanlegg for LPG og LNG, som omtalt under kap. 2 i temarettleiinga, kan også brukast så langt dei høver for tankanlegg/behaldarar for klor, svoveldioksid og ammoniakk, eventuelt også ved oppbevaring av hydrogen, nitrogen og oksygen. Overordna krav kjem fram av forskrifta.

TILVISING TIL ANDRE TEMARETTLEIINGAR

På område der ei anna temarettleiing har omfattande/utdjupande omtale av eit tema, er det berre gjort tilvisingar i staden for å gje att heile teksten.

Det er gjort tilvising til:	Tema
Temarettleiing om bruk av farleg stoff – Del 2	Ammoniakk i landbruket
Temarettleiing om innhenting av samtykke	Ved krav om samtykke frå DSB og eventuelt konsekvensutgreiing

TEMARETTLEIING OM OMTAPPING AV FARLEG STOFF

Denne temarettleiinga omfattar desse anleggstypane:

- **Kap. 1 – Drivstoffanlegg**
- **Kap. 2 – Fyllleanlegg for propanflasker**

VERKEOMRÅDE FOR KAP. 1 – DRIVSTOFFANLEGG

Omfattar komplette stasjonære drivstoffanlegg med tankar, pumper, rørsystem, fyllautstyr og tryggingststyr, i samband med:

- Bensinstasjonar (med eller utan autogass)
- Marinaer (stasjonære og flytande)
- Autogasstasjonar (LPG / CNG / Biogass / Hydrogen)

Reglane i rettleiinga kan elles brukast så langt dei høver for andre stasjonære eller flyttbare drivstoffanlegg i tilknytning til landbruks-, industri- og anleggsverksemd.

LNG fyllleanlegg for skip, der gassen blir teken frå tankanlegg eller tankkøretøy, er også omtalt.

TILVISING TIL ANDRE TEMARETTLEIINGAR

På område der ei anna temarettleiing har omfattande/utdjupande omtale av eit tema, er det berre gjort tilvisingar i staden for å gje att heile teksten.

Det er gjort tilvising til:	Tema
Temarettleiing om oppbevaring av farleg stoff	<ul style="list-style-type: none">- Tankanlegg (større anlegg)- Oppbevaring av brannfarleg stoff som stykkgoods, bl.a. i samband med detaljhandel
Temarettleiing om transport og distribusjon av petroleum i rørleidning over land	Transport av drivstoff i rørleidning over lengre avstandar
Temarettleiing om bruk av farleg stoff – Del 1	<ul style="list-style-type: none">• Nedgravne eller overgrunns oljetankar og gasstankar• Kompetanse i samband med prosjektering, installasjon, drift, vedlikehald og kontroll av drivstoffanlegg for gass (autogass)• Oppbevaring eller forbod mot oppbevaring av brannfarleg stoff i buening, garasje, bod, båthus, serveringsstad, overnattingsstad og forsamlingslokale
Temarettleiing om innhenting av samtykke	Ved krav om samtykke frå DSB og eventuelt konsekvensutgreiing

VERKEOMRÅDE FOR KAP. 2 – FYLLEANLEGG FOR PROPANFLASKER

Omfattar komplette stasjonære anlegg med propantankar som blir fylde frå tankkøretøy, pumper, rørsystem, fylleutstyr og tryggingutstyr, for fylling av propanflasker.

Omfattar både sentralanlegg og forbrukarretta anlegg.

Slike fylleanlegg vil i nokre tilfelle også vere tilrettelagde for fylling av propan på propandrivne køretøy.

Reglane i rettleiinga kan elles brukast så langt dei høver for fylleanlegg for industrigassflasker.

TILVISING TIL ANDRE TEMARETTLEIINGAR

På område der ei anna temarettleiing har omfattande/utdjupande omtale av eit tema, er det berre gjort tilvisingar i staden for å gje att heile teksten.

Det er gjort tilvising til:	Tema
Temarettleiing om oppbevaring av farleg stoff	<ul style="list-style-type: none">• Tankanlegg (større anlegg)• Oppbevaring av propanflasker ute eller i bygning
Temarettleiing om transport og distribusjon av petroleum i rørleidning over land	Transport av gass i rørleidning over lengre avstandar
Temarettleiing om bruk av farleg stoff – Del 1	<ul style="list-style-type: none">• Nedgravne eller overgrunns gasstankar• Kompetanse i samband med prosjektering, installasjon, drift, vedlikehald og kontroll av fylleanlegg for propanflasker• Oppbevaring eller forbod mot oppbevaring av brannfarleg stoff i bueining, garasje, bod, båthus, serveringsstad, overnattingsstad og forsamlingslokale
Temarettleiing om innhenting av samtykke	Ved krav om samtykke frå DSB og eventuelt konsekvensutgreiing

TEMARETTLEIING OM TRANSPORT OG DISTRIBUTJON AV PETROLEUM I RØYRLEDNING OVER LAND

VERKEOMRÅDE

Omfattar røyrleidningar med tilhøyrande sikringssystem, måle- og trykkreduksjonsstasjonar, ventilar, sluser og anna utstyr, berekna for transport og distribusjon (distribusjonsnett) av petroleum over land.

«Røyrleidningssystem» er brukt som fellesomgrep i temarettleiinga.

Slike røyrleidningssystem omfattar stengjeventilen ved avsendaranlegget og fram til stengjeventilen ved eit mottakaranlegg. Slikt mottakaranlegg kan vere eit industrianlegg, eller eit forbruksanlegg i ei verksemd eller hjå ein forbrukar.

Reglane i rettleiinga gjeld så langt dei høver også for røyrleidningssystem inne på avgrensa industri- og bustadområde.

DSB avgjer om temarettleiinga kan brukast for andre farlege stoff enn petroleum.

Med petroleum meiner vi fluid av hydrokarbon som finst i naturleg tilstand i undergrunnen, attåt fluid som blir framstilt ved raffinering eller fraksjonering av slike hydrokarbon. Med fluid meiner vi gassar, væsker og dampar i rein tilstand, og blandingar av slike. Eit fluid kan innehalde oppslemming av fast stoff.

TILVISING TIL ANDRE TEMARETTLEIINGAR

På område der ei anna temarettleiing har omfattande/utdjupande omtale av eit tema, er det berre gjort tilvisingar i staden for å gje att heile teksten.

Det er gjort tilvising til:	Tema
Temarettleiing om bruk av farleg stoff – Del 1	Tillatne mengder av brannfarleg gass og brannfarleg væske i bygning
Temarettleiing om innhenting av samtykke	Ved krav om samtykke frå DSB og eventuelt konsekvensutgreiing

TEMARETTLEIING OM BRUK AV FARLEG STOFF – DEL 1

- Temarettleiinga omhandlar forbruksanlegg for flytande og gassformig brensel.

VERKEOMRÅDE

Omfattar komplette forbruksanlegg med stasjonære lagertankar som blir fylde frå bil eller skip, inklusiv gassflaskebatteri, og som forsyner brannfarleg stoff til ein forbruksstad i ei verksemd eller hjå ein privatperson (forbrukar) via eit fast røyrsystem, inklusiv forbrenningseining og røykavtrekk.

Omfattar også anlegg der det brannfarlege stoffet blir teke frå eit røyrlidningsnett (distribusjonsnett).

Døme er industrigassanlegg, bustadgassanlegg, storkjøkkenanlegg og fyringsanlegg.

Mindre installasjonar i bustader er omtalte.

Krava gjeld også for mellombels anlegg.

Døme på brannfarleg stoff er fyringsolje, diesel, fyringsparafin, propan og naturgass.

TILVISING TIL ANDRE TEMARETTLEIINGAR

På område der ei anna temarettleiing har omfattande/utdjupande omtale av eit tema, er det berre gjort tilvisingar i staden for å gje att heile teksten.

Det er gjort tilvising til:	Tema
Temarettleiing om oppbevaring av farleg stoff	Minsteavstandar for større atmosfæriske overgrunntankar (tankanlegg)
Temarettleiing om omtapping av farleg stoff	Systematisk tilstandskontroll av nedgravne tankar med brannfarleg væske kategori 1 og kategori 2
Temarettleiing om transport og distribusjon av petroleum i røyrlidning over land	Transport av gass i røyrlidning over lengre avstandar
Temarettleiing om bruk av farleg stoff – Del 2	Kjelanlegg for damp- og varmtvassystem
Temarettleiing om innhenting av samtykke	Ved krav om samtykke frå DSB og eventuelt konsekvensutgreiing

TEMARETTLEIING OM BRUK AV FARLEG STOFF – DEL 2

Denne temarettleiinga omfattar desse anleggstypane:

- **Kap. 1 – Kulde- og varmepumpeanlegg**
- **Kap. 2 – Kjelanlegg for damp- og varmtvassystem**
- **Kap. 3 – Trykkluftanlegg**
- **Kap. 4 – Diverse forbruksanlegg**

VERKEOMRÅDE FOR KAP. 1 – KULDE- OG VARMEPUMPEANLEGG

Omfattar kulde- og varmepumpesystem som utgjer ei komplett eining med behaldarar, kompressor, rørsystem, varmevekslarar, tryggingsutstyr og anna trykkpåkjent utstyr.

Inkluderer også varmesentralar for fjernvarme, der slikt utstyr inngår.

TILVISING TIL ANDRE TEMARETTLEIINGAR

På område der ei anna temarettleiing har omfattande/utdjupande omtale av eit tema, er det berre gjort tilvisingar i staden for å gje att heile teksten.

Det er gjort henvisning til:	Tema
Temarettleiing om bruk av farleg stoff – Del 1	<ul style="list-style-type: none">• Tillatne mengder av brannfarleg gass og brannfarleg væske i bygning• Prosjektering av gassanlegg• Handtering av propan i samband med utføring og plassering av gasstankar, brenselledningar, brennarar og tilhøyrande utstyr• Krav til trykkavlastningsflater ved bruk av propan som kuldemedium
Temarettleiing om innhenting av samtykke	Ved krav om samtykke frå DSB og eventuelt konsekvensutgreiing

VERKEOMRÅDE FOR KAP. 2 – KJELANLEGG FOR DAMP- OG VARMTVASSYSTEM

Omfattar:

Kjellar som består av minst éin trykkpåkjent komponent, oppvarma ved firing eller på annan måte, som kan bli utsette for overoppheting (også medrekna elementkjelar og elektrodekjelar), og som er berekna for produksjon av damp eller varmtvatn med temperatur over 110 °C. Jf. §§ 11, 14 og 15 i forskrift om trykkpåkjent utstyr.

- Behaldarar og røyrsystem for damp og varmtvatn.
- Kjellar med manuell firing med fast brensel, der temperaturen også kan vere under 110 °C, jf. § 17 i forskrift om trykkpåkjent utstyr.
- Fjernvarmeanlegg, inkludert fjernvarmeleidningar.

Utstyr for nukleært bruk som er trykksett, og som kan føre til radioaktivt utslepp dersom utstyret sviktar, skal følgje krava i forskrift om handtering av farleg stoff og denne temarettleiinga. Trykkbehaldarar og røyrsystem som kan føre til radioaktivt utslepp skal tilfredsstillе krava i forskrift om trykkpåkjent utstyr for gruppe 1 – farlege fluid.

Heitoljeanlegg er omfatta, i tillegg til forskrift om handtering av farleg stoff, også av forskrift om trykkpåkjent utstyr, men er elles ikkje omtalt i denne temarettleiinga.

TILVISING TIL ANDRE TEMARETTLEIINGAR

På område der ei anna temarettleiing har omfattande/utdjupande omtale av eit tema, er det berre gjort tilvisingar i staden for å gje att heile teksten.

Det er gjort tilvising til:	Tema
Temarettleiing om bruk av farleg stoff – Del 1	<ul style="list-style-type: none">• Tillatne mengder av brannfarleg gass og brannfarleg væske i bygning• Prosjektering av gassanlegg• Krav til utføring og plassering av oljetankar, gasstankar, brenselleidningar, brennarar og tilhøyrande utstyr
Temarettleiing om innhenting av samtykke	Ved krav om samtykke frå DSB og eventuelt konsekvensutgreiing

VERKEOMRÅDE FOR KAP. 3 – TRYKKLUFTANLEGG

Omfattar alle typar trykkluftanlegg som utgjer ei komplett eining med trykkluftbeholdarar, kompressor, røyrssystem, tryggingsutstyr og anna trykkpåkjent utstyr.

Gjeld både nye og eksisterande anlegg.

For konstruksjon og produksjon av trykkluftbeholdarar og trykkluftanlegg (einingar) viser vi elles til forskrift om trykkpåkjent utstyr (direktiv 97/23 - PED) og forskrift om enkle trykkluftbeholdarar (direktiv 2009/105 - SPVD) og verkeområda deira.

TILVISING TIL ANDRE TEMARETTLEIINGAR

På område der ei anna temarettleiing har omfattande/utdjupande omtale av eit tema, er det berre gjort tilvisingar i staden for å gje att heile teksten.

Det er gjort tilvising til:	Tema
Temarettleiing om bruk av farleg stoff – Del 1	<ul style="list-style-type: none">• Tillatne mengder av brannfarleg gass og brannfarleg væske i bygning• Prosjektering av gassanlegg

VERKEOMRÅDE FOR KAP. 4 – DIVERSE FORBRUKSANLEGG

Omhandlar sju ulike typar forbruksanlegg for farleg stoff:

- **Ammoniakk i landbruket (halmluting)**
- **LPG-drivne ismaskiner**
- **Laboratorium**
- **Lakkeringskabinar og lakkblanderom**
- **LPG-fyrte asfaltvarmarar**
- **Oksygen til heimebehandling av lungepasientar**
- **Sentralgassanlegg for industrigassar**

TILVISING TIL ANDRE TEMARETTLEIINGAR

Når det gjeld LPG-drivne ismaskiner, Laboratorium, LPG-fyrte asfaltvarmarar og Sentralgassanlegg for industrigassar, så er det ei rekkje stader gjort tilvising til temarettleiing om bruk av farleg stoff – Del 1, for utfyllande skildring.

TEMARETTLEIING OM INNHENTING AV SAMTYKKE

Føremålet med temarettleiinga er å gje retningslinjer for søknad om innhenting av samtykke etter forskrift om handtering av farleg stoff § 17, og å opplyse om krav til opplysningar og dokumentasjon i samband med søknadene. Behandling av søknader og utferding av samtykke er også omtalt.

Kravet om innhenting av samtykke frå DSB er etablert for å sikre at omsynet til tredjeperson er tilfredsstillande vareteke og at ikkje uynskte hendingar fører til konsekvensar som har stor innverknad på samfunnet. I dette inngår også å verne liv, helse og materielle verdiar mot uhell og ulukker med farleg stoff i dei verksemdene som er omfatta av krav om samtykke.

VERKEOMRÅDE

Krav om innhenting av samtykke gjeld for desse typane anlegg og aktivitetar:

- **Verksemd som er å rekne som storulukkeverksemd etter forskrift om tiltak for å førebyggje og avgrense konsekvensane av storulukker i verksemdar der farlege kjemikaliar førekjem (storulukkeforskrifta)**
Gjeld landbaserte storulukkeverksemdar som handterer brannfarleg, reaksjonsfarleg eller trykksett stoff i mengder som ligg over meldegrensa etter § 12 i forskrift om handtering av farleg stoff. Omfattar prosessanlegg eller anlegg som berre oppbevarer farleg stoff, eller ein kombinasjon av dette.

Gjeld ikkje for landbaserte verksemdar som er underlagde petroleumstilsynets regelverk.

- **Verksemdar som omlastar farleg stoff frå skip til skip**
Gjeld når omlastinga skjer innanfor norsk territorialgrense (12 nm).

Bunkring av skip er ikkje omfatta av kravet om samtykke. Skip som lossar/lastar til/frå eit tankanlegg vil vere omfatta av eit eventuelt samtykke for tankanlegget.

- **Verksemd som transporterer farleg stoff i røyrleidning med driftstrykk høgare enn 16 bar**
Gjeld røyrleidningar over lengre strekningar, for transport og distribusjon av farleg stoff.

Røyrssystem som er inne på eit industriområde, og til dømes er del av prosessanlegg eller tankanlegg, treng ikkje eige samtykke, men vil inngå som del av anleggets eventuelle samtykke.

- **I særskilt tilfelle** kan DSB gjere vedtak om at også anna verksemd vil kunne omfattast av krav om samtykke dersom verksemda sin aktivitet, plassering, utforming og/eller handtering av farleg stoff tilseier det, og der omgjevnadene er slik at uhell kan få store konsekvensar. Verksemd som gjennom risikovurdering kjem fram til at hendingar kan føre til store konsekvensar, skal kontakte DSB for avklaring om samtykke er naudsynt.

Dersom det på eit seinare tidspunkt blir gjort vesentlege endringar som gjeld tryggleiken, på anlegg eller i aktivitetar som nemnde over, skal det søkjast om nytt samtykke for endringane. Jf. temarettleiinga for utfyllande kommentarar.



Rambergveien 9
3115 Tønsberg

Tlf: 33 41 25 00
Faks: 33 31 06 60

postmottak@dsb.no
www.dsb.no